


REGIONAL UTVIKLINGSPLAN
FOR SETESDAL 2020

HANDLINGSPROGRAM

2017-2020



Vedteke i styremøte 24. mai 2017 sak 58/17
og lagt fram for representantskapet 21.juni 2017

MÅLBILETE FOR SETESDAL 2020

Setesdal – ein attraktiv region

I 2020 er Setesdal ein attraktiv region å bu, gjeste og drive næringsverksemd i. Det er ei positiv folketalsutvikling med auka tilflytting og fleire barnefamiliar. Setesdal er ein livskraftig region prega av vekst og optimisme. Regionen har ein klår, sams identitet og eit sterkt, positivt omdøme basert på entreprenørskap, tradisjon og grøne verdiar. Vi verdset initiativ og tiltakslyst. Setesdal blir opplevd som ein stad der det er godt å skape. Regionen er ein av dei største leverandørane i landet av rein energi som kan fornyast. Dalen er synleg og er eit aktivum i utviklinga av eigen landsdel. Ein attraktiv arbeidsmarknad dreg til seg folk med relevant kompetanse.

Strategiar:

- Folketalsauke og rekruttering
- Identitets- og omdømmebygging
- Mobilisering av innbyggjarar og hyttefolk
- Bulyst
- Synleg i samfunnsdebatten

Moderne infrastruktur

I 2020 er ein moderne infrastruktur ein del av merkevara Setesdal. Regionen har greidd å få ut meirverdet av god infrastruktur i høve til busetnad, tenester og næringsliv. Auka tilgjenge og mobilitet har styrkt regionen som ein sams bu-, arbeids- og servicemarknad. Setesdal er meir tiltrekkjande som reisemål, og regionen er knytt nærrare til kysten og kontinentet. Heile dalen er teken i bruk og det har vorte balanse mellom stadutvikling i bygdesentra, utvikling av Hovden som eit nasjonalt turistsenter og Evje som eit innbydande regionsenter. Ei målretta satsing har gjeve tilgang på breiband og god mobildekning for alle. Regionen ligg langt framme i arbeidet med å take i bruk teknologi for å få næringslivet til å vekse og skaffe auka livskvalitet for dei som bur der.

Strategiar:

- RV9 vert gjort ferdig som attraktiv stamveg og reiserute
- Distriktsvenleg kollektivtilbod
- Best på å take i bruk teknologi og digital infrastruktur
- Berekraftig arealforvaltning i eit regionalt perspektiv

Eit dynamisk og lønsamt næringsliv

I 2020 er eit aktivt og lønsamt næringsliv den største utviklingskrafta i regionen. Det lokale næringslivet står sjølv for det meste av verdiskapinga i Setesdal. Mange nyetableringar og fleire gode utviklingsprosjekt i eksisterande verksemder har hjelpt til med å lage vekst og nyskaping både innanfor tradisjonelle og nye næringar. Næringslivet greier å utnytte lokale føremonar og har teke i bruk stadbundne ressursar og eigenart i verdiskapinga. Gjennom eit tett og godt samarbeid mellom private og offentlege aktørar har dalen greidd å vidareutvikle eit godt handels-, rekreasjons- og servicetilbod. Næringslivet i Setesdal har ei sterk lokal forankring kombinert med gode nettverk utanfor regionen.

Strategiar:

- Kunnskapsbasert vekst og nyskaping
- Auka lønsemd og lokal verdiskaping
- Utnytte lokale føremonar
- Koordinert og profesjonelt næringsapparat

Gode kommunale tenester

I 2020 opplev innbyggjarane føreseielege og tilgjengelege kommunale tenester med høg kvalitet. Eit samordna tenestetilbod og ein moderne tenesteproduksjon har gjeve auka effektivitet, betre utnytting av kompetanse og gjort tenestene meir robuste. Kommunane er etterspurde arbeidsgjevarar som greier å rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft. Det finst gode, felles fagmiljø som er langt framme i utviklinga, med høg grad av tverrfagleg samarbeid både innanfor regionen og utetter. Fagmiljøa finst ulike stader i dalen, det er semje om fordelinga av funksjonane og dette er godt forankra i kommunane. Kommunane er samla i utviklinga av regionen.

Strategiar:

- Samordna tenesteproduksjon
- Brukarorientering
- Aktiv bruk av IKT
- Lærelyst og kompetanse
- Trygt, kompetent og nært helsetilbod
- Attraktiv arbeidsgjevar

SAMANDRAG

Nedanfor er eit strategisk kart for Setesdal regionråd som oppsummerar mål, strategiar og tiltak for planperioden 2017-2020

Mål 2020	Strategi	Nr.
	Folketalsvekst og rekruttering	1
		2
	Identitets- og omdømmebygging	3
		4
	Mobilisering av innbyggjarar og hyttefolk	5
Ein attraktiv region	Bulyst	6
	Synleg i samfunnsdebatten	7
	RV9 vert bygd ferdig som ein attraktiv stamveg og reiserute	8
Moderne infrastruktur	RV9 vert bygd ferdig som ein attraktiv stamveg og reiserute	9
	RV9 vert bygd ferdig som ein attraktiv stamveg og reiserute	10
	Distriktsvenleg kollektivtilbod	11

Tiltak	Ansvar	Referanse Utviklingsplan
Lage ein plan med målretta rekrutteringstiltak med utgangspunkt i gjennomførte kompetansekartlegginga.	SGOS/ SR	3.1.1.2
Vise fram attraktive arbeidsplassar og høve til arbeid for folk som kan tenkast å flytte hit på kommunikasjonsplattformer som når unge folk.	SGOS	3.1.1.4
Definere ein sams idé om kva Setesdal skal vere (merkevare/profil), basert på det positive med regionen og det setesdølane identifiserer seg med.	SR/ Visit Setesdal/ Næringsforum	3.1.2.1
Gjere synleg og formidle "merkevara Setesdal" mellom anna gjennom dei gode historiene.	SR/ Visit Setesdal/ Private aktørar	3.1.2.2
Byggje opp møteplassar og kanalar der innbyggjarar og hyttefolk kan take del i å utvikle lokalsamfunnet og regionen. (Bygge sosiale møteplasser og arrangement utanom idrett og lag. Viktig å kommunisere med unge. Ta vare på tilflyttarar gjennom involvering).	SGOS/ kommunane	3.1.3.2
Tilrettelegging for «Prøvebo-ordning» (der tilflyttarar får høve til å leige hus, som dei seinare har høve til å kjøpe)	SGOS v/ landlivskontakt	3.1.4.9
Setesdal skal være synlig i debatten om fylkessamanslåing (regional utvikling og vekst)	SR	3.1.4.4
Sikre samla restutbygging av RV9 innan 2023	SR, RV9-prosjektet	3.2.1.1
Leggi til rette for opplevelingar langs RV9 som viser det særmerkte med Setesdal og som genererer verdiskaping og auka oppholdstid (kultur, natur, næring).	SR, RV9-prosjektet	3.2.1.2
Strekningsutbygging Hovden-Haukeli (E134) med knutepunkt for godstrafikk på Haukeli (nye NTP). Sikre aksen E18/ RV9 som reiserute i forbindelse med omlegging av trafikksystem.	SR, RV9-prosjektet	3.2.1.3
Gjennomføre eit utviklingsprosjekt innan kollektivtrafikk i samarbeid med fylkeskommunen for å klårlegge behov og etterspurnad i høve til transport internt i regionen og ut av regionen (pendling, internt bu- og arbeidsmarknad, ungdom, korresponderande tilbod - ekspressbuss)	SR, AAFK, AKT	3.2.2.1

Mål 2020	Strategi	Nr.
	Best på å take i bruk teknologi og digital infrastruktur	12
	Berekraftig arealforvaltning i eit regionalt perspektiv	13
	Kunnskapsbasert vekst og nyskapning	14
Setesdal skal vere ein attraktiv region å bu, gjeste og drive næringsverksemd i.		15
	Auka lønsemid og lokal verdiskapning	16
		17
		18
	Utnytte lokale føremonar	19
		20
		21
		22

Tiltak	Ansvar	Referanse Utviklingsplan
Legge tiltrette for investering i samfunnsviktig digital infrastruktur (fiber). Kommunane tar hand om privatmarknad/lokale utbyggingar. SR jobbar med robust regional digital infrastruktur for næringsliv og samfunnsinstitusjonar (kontinentet-Haukeli).	SR/ kommunane	3.2.3.8
Stimulere til overordna felles arealplanlegging. Utvikle eit sams verdigrunnlag i arealplanlegginga – folkehelse, tilgjenge, miljø, balanse mellom vern og bruk. Skape aksept for lokalt handlingsrom i arealforvaltninga	SR/ rådmannsutvalet	3.2.4.6
Leggje til rette for samhandling mellom verksemder, utdanningsinstitusjonar, relevante fagmiljø og offentlege instansar for å byggje kunnskap og stimulere til gode FOU-prosjekt.	SR	3.3.1.1
Hjelpe til med å byggje opp gode, regionale nettverk og møteplassar for næringslivet som stimulerer til kunnskapsdeling og samarbeid, mellom anna gjennom å vidareutvikle Setesdalskonferansen og etablere ei sams nettside for lokalt og regionalt næringsarbeid.	SR/ Næringsforum	3.3.1.3
Medverke til at næringslivet får lettare tilgang til risikoviljig kapital, mellom anna gjennom å gjøre synleg kva som er mogleg, skape føreseielege rammevilkår for investorar og dele risiko med det offentlege.	SR/ Næringsforum	3.3.2.1
Gjennomføre målretta tiltak for å styrke kompetansen til bedriftseigarar og -leiarar (styret og dagleg leiar).	SR/ Næringsforum	3.3.2.2
Gjere ein innsats for å behalde/ få fleire offentlege arbeidsplassar i regionen.	SR	3.3.2.3
Leggje til rette for ei felles og koordinert satsing på helsenæring og aktivitetsturisme som understøtter folkehelsearbeidet.	SR/ kommunane	3.3.3.1
Vidareutvikle ei sams og koordinert reiselivssatsing.	SR/ Visit Setesdal	3.3.3.2
Arbeide aktivt for at regionen vert eit føredøme i satsing på bioenergi, hydrogen og andre nye energiberarar.	SR/ kommunane, private aktørar	3.3.3.3
Take del i prosjekt som fører med seg direkte og indirekte verdiskaping basert på naturressursar.	SR/ kommunane, private aktørar	3.3.3.7

Mål 2020	Strategi	Nr.
Setesdal skal vere ein attraktiv region å bu, gjeste og drive næringsverksemd i.	Eit dynamisk og lønsamt næringsliv	23 24
	Vidaregåande skule	25
	Etter- og vidareutdanning	26
	Fleire utdanningsinstitusjonar	27
	Regionale kompetansestrategiar og -tiltak	28
	Udanningsval og entrepenørskap	29
	Heilskapelig læringsløp og samskaping	30
		31

Tiltak	Ansvar	Referanse Utviklingsplan
Gjere tydeleg roller og forventningar mellom dei ulike deltagarane i det offentlege tiltaksapparatet og få fram korleis ein skal arbeide saman og bruke verkemidla så effektivt som råd.	SR/ Næringsforum	3.3.4.1
Kartlegge eksternfinansiering/ tilskot (prosjektutvikling, næringsutvikling og statlige satsingar)	SR/ FK	3.3.4.7
Lage modellar for ulike samarbeidsformer og ein føremålstenleg framgangsmåte for drøfting og etablering av nye samarbeidstiltak. Med dette høyrer også lokaliseringskriterium og fordeling mellom kommunane.	Rådmannsutvalet	3.4.1.1
Sikre at regionen har ein god vidaregåande skule med varierte studieretningar.	SR/ FK/ kommunane	3.4.4.2
Utvikle eit godt, relevant og tilgjengeleg tilbod innan etter- og vidareutdanning der ein utnyttar teknologien som finst for fjernundervisning og desentralisert utdanning.	SR	3.4.4.3
Arbeide for å få etablert fleire utdanningsinstitusjonar i Setesdal.	SR	3.4.4.4
Vidareutvikle samhandlinga med Lindesnes, Lister og kompetansefonda om regionale kompetansestrategiar og -tiltak i samarbeid med UiA og andre utdanningsinstitusjonar.	SR	3.4.4.5
Medverke til tiltak som sikrar at dei unge vel ei utdanning som er god og framtidsretta. Stø opp under samarbeid mellom skule og arbeidsliv for å stimulere til entreprenørskap og gjere dei unge medvitne på utdanning og yrkesval.	Utdanningsinstitusjonar, SGOS, Næringsliv, Kommunane	3.4.4.9
Få ungdomane under utdanning til å kjenne seg heime i regionen gjennom å leggje til rette for lærling- og praksisplassar, masteroppgåver, traineestillingar, sommararbeid osb.	Utdanningsinstitusjonar, SGOS, Næringsliv, Kommunane	3.4.4.11



1. Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer
- 2 Valle sport | Marit Simonstad Kvaale
- 3 SGOS | Marit Simonstad Kvaale
- 4 RV9 | Marit Simonstad Kvaale
- 5 Helse | Marit Simonstad Kvaale
- 6 Ladestasjon | Marit Simonstad Kvaale
- 7 Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer



Euje og Hornnes kommune
Eujemoen 4735 Euje

Bygland kommune
Sentrum 4745 Bygland

Valle kommune
Postboks 4 4747 Valle kommune

Bykle kommune
Rådhushuset 4754 Bykle

Prioriterte vegprosjekt for landsdelen



FAKTA OM SETESDAL

Hovudvassdrag:
Otra og Byglandsfjorden

Hovudveg: Riksveg 9

Areal: 4700 km², tilsvrar 51% av Aust-Agder fylke sitt samla areal.

Regionsenter: Euje

Folketal: 6 973 (2016) i Setesdal
- tilsvrar 6,3% av Aust-Agder.
Ringverknader av hyttefolk
og turistar tilsvrar samla
folketal på 8 500.

Utdanning: Setesdal vidaregåande
skule, avd. Hovden, Valle og Hornnes
og KVS Lyngdal avd Bygland.

Tal registrerte hytteeigarar:
6 161 (2016).

Energiproduksjon i Setesdal :
5,4 TWh. Samla forbruk el-kraft
i båe Agderfylka: 5,2 TWh (2004)

Verdiskaping: 2,2 mrd og
550 mill m.v.a. pr. år.

Tal arbeidsplassar:
3 426 (2016).
Vi har flest arbeidsplassar
i kommunal forvaltning, industri,
turistbasert næring, handel,
bygg og anlegg.

Sysselsettingsgraden er høg.

Pendling: 22% ut av regionen
og 15% pendlar inn.

Tal verksemder:
1263 verksemder i regionen i 2017.
(SSB) I perioden 2000 til 2006 auka
talet på private arbeidsplassar med
11,3 prosent medan offentlege
arbeidsplassar minka med 14,8 %.

Setesdal regionråd: Interkommunal
samarbeid etter § 27 i kommunelova.
Valle er vertskommune.

Reiseavstand:
Euje - Krs: 62 km - reisetid 1:01 t
Euje - Arendal: 81 km - reisetid 1:18 t
Euje - Hovden: 147 km - reisetid 2:06 t



Setesdal regionr d

Setesdal Regionr d, kommunehuset, 4747 Valle
Tlf 37 93 75 00 post@setesdal.no www.setesdal.no

© tress design